



Norstrand Eiendomsrådgivning AS
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:

Dykkar: c55c1549-37e7-4530-b47e-
5b85d6f2499c

Vår: 20/10085 - 20/31430

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

29.05.2020

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsel frå KV 2124 - GBNR 346/1 Åsebø

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad
Byggested: Åsebøvegen 150, 5917 Rosslund
Tiltakshavar: Atle Magne Dalland
Ansvarleg søkar: Norstrand Eiendomsrådgivning AS

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg til fritidsbustad på gbnr 346/1.


Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Norstrand Eiendomsrådgivning AS har på vegne av tiltakshavar, Atle Magne Dalland, søkt om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg for fritidsbustad. Søknad er sendt inn i samband med bruksendring av hønehus til fritidsbustad.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei etfeltveg med to køyreretningar. Fartsgrensa i kommunevegen er 50km/t. I enden av kommunal veg er det ikkje etablert snuareal. Kommunal veg ender i ei privat veg. Det er denne vegen det vert søkt om utvida bruk av. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og kan ikkje sjå at det ligg føre noko som tilseier at ein ikkje kan gje utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for fritidsbustad på gbnr 346/1 på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for fritidsbustad på gbnr 346/1. Løyve er gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- I siktsone skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsone skal ikkje nyttast til parkering.
- Vegrett for bruk av privat veg skal ligge føre.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam at dersom avkjørsla må utbetrast for å stette tekniske krav til avkjørslar frå offentlig veg, kan utbetringa være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune ved byggesak

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning
AS

Storebotn 10

5309

KLEPPESTØ